

Fantastisk dag i Fjellhaugen!

16.03.2016



Elevane storkosa seg på skidagen.

I går, tirsdag, var alle elevane ved Uskedalen skule i Fjellhaugen, der vi har kosa oss med aking, langrenn, alpint og grilling for dei som ønskte det. I eit fantastisk ver har vi kosa oss alle saman. Nokre av oss tok ein langtur til Nautavatnet.



Forholda var heilt eventyrlege!

Andre brukte heile dagen ieitt eller begge trekka. Dei som hadde med akebrett hadde og glimrande forhold i bakkane ved barnetrekket. I tillegg til oss sjølve var både Bringedalsbygda og Rosendal ungdomsskule i fjellet. Ungar og vaksne har storkosa seg, og vi vil retta ei stor takk til 17.mai-komiteen som gjorde dette mogleg.



[Skitrekket vart flittig brukt.](#)

Tekst og foto: Odd Steinar Arnesen  
Nett: Thor Inge Døssland